

Vi lagar podkast!

Manusramme



Målgruppa for podkasten er barn og unge på dykkar eigen alder, men også foreldra dykkar skal få høyre podkasten.

MANUSRAMME

STEG 1

Vi lagar podkast om (skriv inn emne)

1. Lag ein tittel på podkasten
2. Skriv to-tre setningar som presenterer podkasten
3. Finn eit bilete som vekker merksemd eller som på ein eller annan måte er relevant for podkasten

4. Bestem format: Samtale, intervju, paneldiskusjon, journalistisk historieforteljing. Ei blanding?

STEG 2

Lag manus – planlegg hovudinnhaldet.

5. **Felles:** Korleis kan starten på podkasten vekke merksemda hjå lyttaren? Kva slags lydovergang skal de ha frå det fyrste innleiande klippet til det andre?
6. **Planlegging:** Diskuter spørsmåla saman før de skriv ned svara og førebur manuset. Kven skal ha hovudansvar for dei ulike spørsmåla?

Viktig: Hugs å grunngje alle synspunkta de kjem med – og prøv å fagleggjere dei (sjå vurderingspunkta under).

7. Bygg programmet. Ein vanleg struktur kan vere:

- Opning
- Lydovergang
- Hovuddelen er delt inn i mange mindre avsnitt, og overgangane blir markerte med lyd (jinglar osv.)
- Ei tydeleg avslutting, gjerne som får tilhøyraren til å tenkje litt
- Takk for oss
- Avslutningsmusikk

OBS: De står heilt fritt til å byggje opp podkasten slik de sjølv ønskjer. Bruk fantasien, men ha god oversikt over vurderingspunkta.

STEG 3 – øv på podkasten og produser han

- Ta opp lyd
 - Ver nøyaktig
 - Snakk tydeleg og tenk på korleis du ordlegg deg.
- Rediger klippa saman.
- Legg til lydspor/musikk.
- Del podkasten med resten av klassen.